

Store vyar, små kutt

Klimapolitikken til Stoltenberg-regjeringa har vore ambisiøs og kostbar, men resultatene er små og usikre. Og miljøveljarane snur ryggen til SV.

KLIMA

PER ANDERS TODAL
peranders@dagogtid.no

Dei politiske seismografane varslar eit jordskjelv i dei mest miljømedvitne segmenta av Noreg. Miljøpartiet Dei Grøne kan kome over sperregrensa i stortingsvalet, medan regjeringspartiet SV risikerer å forsvinne ut av Stortinget. Årsaka er truleg enkel: Dei veljarane som ser på kampen mot klimaendringane som den viktigaste saka i verda, er inderleg misnøgde med klimapolitikken til regjeringa. Og den misnøya råkar SV langt hardare enn ho råkar Ap, sidan SV-veljarar flest er langt meir miljøengasjerte og idealistiske enn Ap-veljarar flest.

Men sjølv om SV har hatt miljøvernministeren sidan 2005 og definitivt er medansvarleg

Fleire av berebjelkane i den norske klimapolitikken dei siste åtte åra har svikta.

for klimapolitikken til dei raudgrøne, er det Arbeidarpartiet og særleg Jens Stoltenberg som har trekt opp dei store linene på dette feltet. Det er ingen grunn til å tru at han ikkje *bryr* seg, tvert om. Stoltenberg har snakka om klimaendringane i nesten alle nyttårstalane sine dei siste åtte åra og har personleg fronta fleire klimasatsingar i milliardklassen.

Likevel har fleire av berebjelkane i den norske klimapolitikken dei siste åtte åra svikta. Fellesnemnaren er at Stoltenberg-regjeringa har satsa på store, internasjonale prosjekt med uvisst utfall og lagt lite vekt på å få til sikre utleppskutt heime. Og som kjent kan det beste bli fienden til det gode. Vi tek det punkt for punkt.

1. VERDA ER UGREI

Den norske regjeringa ønskjer seg ein forpliktande, global avtale for å få ned klimagassutslappa. Det er eit svært fornuftig mål: Klimaendringane er eit globalt problem som ikkje kan løystast av noko land åleine. Og dei norske forhandlarane har truleg gjort sitt beste. Men alle dei internasjonale klimaforhandlingane dei siste åra, frå København til Cancun til Durban, har vore mislukka. Av Kyoto-avtalen frå 1997 er berre beingrinda att, og ingen ny, forpliktande internasjonal klimaavtale er i sikte.

2. KVOTEKOLLAPS I EUROPA

Jens Stoltenberg er ein stor tilhengjar av kvotehandel, som vil seie å handle med utleppsløyve for klimagassar. Den største marknaden av dette slaget er det europeiske kvotesystemet som vart innført i 2005, og dette har òg vore sentralt i norsk klimapolitikk. Stoltenberg har brukt ordninga som argument mot nasjonale CO₂-kutt: Utsleppskutt for norsk industri vil jo berre late andre europeiske land sleppe ut meir, sidan EØS-området har eit felles kvotetak, er logikken.

Dessverre har den europeiske kvotehandelen gjeve små resultat, fordi taket har vore så høgt. Kostnaden ved kjøpe CO₂-kvotar skulle redusere utslappa i EU og EØS-landa. Men ei overflod av kvotar, eit veikt system og iblant rein svindel har gjort ordninga svært lite effektiv. Kvotehandelen har ikkje redusert dei europeiske utslappa nemneverdig, men har gjort ein del spekulantar rike.

3. BUKLANDINGA

I 2006 presenterte Stoltenberg den norske storsatsinga på å utvikle ny teknologi for CO₂-reinsing – «månelandinga» på Mongstad. Så langt har visjonen gjeve små resultat. Ti milliardar kroner er brukte på utgreiingar, studiar og eit testsenter på Mongstad. Men det er ikkje sikkert at fullskalanlegget for å reinse utslappa frå gasskraftverket på Mongstad nokon gong blir bygd. Dette skulle stått ferdig i 2014 og var lokkematen som fekk SV og delar

av miljøørsla til å godta Mongstad-kraftverket.

Reinsing av utslipp frå gass- og kolkraftverk og CO₂-deponering under jorda er teknisk sett fullt mogleg. Men det har det vore i mange år allereie, problemet er at det framleis er så dyrt. Rekningsssvarande CO₂-reinsing er framleis science fiction, om ein da ikkje brukar CO₂-gassen som trykkstøtte for å utvinne meir olje. Kan hende vil det i framtida kome verdifulle resultat frå testsenteret på Mongstad, men det veit ingen. Vitskaplege gjennombrøt kan ein ikkje vedta.

4. GAMBLING I REGNSKOGEN

Det andre store klimaprojektet til Stoltenberg-regjeringa, regnskogssatsinga, har truleg gjeve ein del resultat – men også her er forholdet mellom innsats og vinst høgst usikkert. Denne satsinga var like mykje eit hjartebarn for miljø- og utviklingsminister Erik Solheim som for Stoltenberg. I 2008 lova Noreg seks milliardar kroner til Brasil, pengar som skulle utbetalast på vilkår av at avskoginga vart redusert. Og avskoginga i Brasil har gått ned mykje i desse åra. Men den store nedgangen i hogsten tok til alt i 2004, takka vere politiske vedtak frå Lula-regjeringa. No ser det dessverre ut til at trenden har snudd. Avskoginga i Bra-

Vesle Noreg kan ikkje kontrollere regnskogspolitikken i Brasil eller energipolitikken i Kina.

sil har sørgjeleg nok dobla seg det siste året, på grunn av ei liberalisering av skoglovene i landet.

Det meste av pengane som Noreg har løyvd til Amazonasfondet, står elles ubrukte på bok: Brasilianske styresmakter har ikkje funne nok gode utviklingsprosjekt å bruke dei til.



Statsminister Jens Stoltenberg og olje- og energiminister Ola Borten Moe ved testsenteret for CO₂-reinsing. Prosjektet ligg langt bak skjema og langt over budsjett, og fullskalareinsinga av gasskraftverket blir kansellert.

Noreg har òg lova Indonesia seks milliardar kroner om avskoginga blir redusert, og sett av 500 millionar til same føremål i Kongo. Men i så gjennomkorrupte land er dette ekstremt vanskeleg arbeid. Resultata er små til no, og lite av pengane er utbetalte.

5. LUFT OG LURERI

Noregs såkalla overoppfylling av Kyoto-måla – ein større reduksjon av utslappa enn vi forplikta oss til gjennom Kyoto-avtalen – er gjort mogleg ved å kjøpe såkalla CDM-kvotar. CDM står for «Clean Development Mechanism» og inneber at statar og selskap i rike land betaler pengar til klimaprojekt i u-land, som eit slags avlat for egne utslipp. Men ordninga er dessverre full av brestar.

Somme av CDM-prosjekta i fattige land har nok vore bra bistand. Men klimavinsten har i mange til-

felle vore svært tvilsam, og nokre av prosjekta har vore rein svindel. Når ein handlar med luft, er det lett å bli lurd. Dei ti største CDM-kvotesejarane til norske bedrifter vart alle svartelista av EU i 2012: Prosjekta heldt ikkje mål.

STYRER IKKJE KINA

Som desse døma viser, er mykje av klimapolitikken til den raudgrøne regjeringa stort tenkt, ambisiøs og kostbar. Men resultatene av prestisjeprosjekta er svært usikre. Det er sant at ein i teorien kan få meir utleppskutt per krone i andre land – men den norske regjeringa styrer ikkje i andre land. Vesle Noreg kan ikkje kontrollere regnskogspolitikken i Brasil eller energipolitikken i Kina. Og politikarane kan løyve pengar til forskning, men dei kan ikkje vedta teknologiske gjennombrøt på Mongstad.



g på Mongstad. Den varsla «månelandinga» har enno ikkje kome seg opp frå bakken. Ikkje aldri noko av. Foto: NTB scanpix

Eit oljeland i klimaspagat

Noreg er først og fremst ein oljenasjon. Det er grenser for kor miljøvenleg eit slikt land kan vere.

PER ANDERS TODAL
peranders@dagotid.no

Det er vanskeleg å skulle vere ein leiande miljønasjon og ein stor oljenasjon på ein gong, og dei norske klimaambisjonane har ikkje sett særlege spor etter seg i petroleumspolitikken. Men det er på dette feltet Noreg verkeleg bidreg til klimagassutsleppa i verda, sjølv om lite av det er synleg på vår eigen rekneskap. Dei årlege klimagassutsleppa frå oljen og gassen vi eksporterer, er nær ti gonger så store som dei samla utsleppa i Noreg. Og storparten av utsleppsauken innanlands sidan 1990 kjem frå olje- og gassutvinninga i Nordsjøen.

Regjeringa har heller ikkje brukt eigarmakta si til å hindre Statoil i å investere stort i den grisete oljesandverksemda i Canada: Forretningsomsyna til Statoil veg tyngre enn klimaet. Og for regjeringa er det viktigare å få opp mest mogleg frå Nordsjøen enn å redusere CO₂-utsleppa. Utvinning frå somme gamle felt i Nordsjøen er svært energikrevjande og gjev større utslepp per fat enn tilmed oljesandutvinning gjer. Likevel er det offisiell politikk å få ut mest mogleg.

I fjor vedtok regjeringa å auke CO₂-avgifta for oljeverksemda i Nordsjøen til 200 kroner tonnet. Men det er ei lågare avgift enn industrien hadde på 1990-talet, og med dagens høge oljepris er det uvisst kva effekt avgifta vil få på utsleppa frå utvinninga.

OLJESOLIDARITETEN

Statsminister Stoltenberg, olje- og energiministrane frå Senterpartiet og Statoil-sjef Helge Lund har i mange år nytta same forsvar for politikken: At norsk olje- og gassutvinning skal vere bra for dei fattige landa i verda. «Verden trenger mer energi for å løfte millioner av mennesker ut av fattigdom», er Stoltenbergs mantra. «Vi kan ikke si til Reno og Narendra i slummen i Calcutta at de ikke skal få energi», var Åslaug Hags poetiske variant.

Men argumentet er svært diskutabelt. Denne veka kom ein ny SSB-rapport tinga av Framtiden i våre hender. Konklusjonen var at norsk petroleumseksport ikkje går til fattige land, og den norske produksjonen har svært liten påverknad på oljeprisen i verda. Rapporten tydde òg på at redusert oljeutvinning i Noreg ville føre til ein viss reduksjon i klimagassutsleppa.

«Vi vet allerede hvordan vi ikke skal kutte ned trær. Derfor trenger vi ikke teknologi, vi må bare slutte å gjøre det», sa Jens Stoltenberg i 2010. Men det er lettare å late vere å bore etter olje enn å late vere å felle tre. Og det liknar dobbeltmoral når Noreg vil betale milliardar til fattige land for at dei ikkje skal bruke naturressursane sine, medan vi sjølve vil utvinne kvar droppe olje. Spriket mellom oljepolitikken og klimapolitikken bidreg truleg sterkt til å drive dei mest miljømedvitne veljarane vekk frå regjeringspartia.



Olje frå Statoils utskjelte tjøresandutvinning i Leismer, Canada. Foto: NTB scanpix

Om klima er viktigast

SV kan bli hardt straffa av miljøveljarane. Gjev MDG eller Venstre betre utteljing?

SV har lenge vore førstevallet for mange miljøengasjerte norske veljarar. No kan partiet bli forlate av dei same veljarane, som flokkar seg om nykomlingen MDG. Sjølv viser SV-leiinga til at partiet har prega miljøpolitikken til regjeringa sidan 2005.

I «SVs miljøregnskap 2005–2013» trekkjer partiet mellom anna fram regnskogsatsing, tredobla satsing på jernbane, ein meir miljøvenleg bilpark, auke i fornybar energiproduksjon og skjerminga av havet utanfor Lofoten, Vesterålen og Senja for oljeleiting. Og da klimameldinga i fjor slo fast at to tredjedelar av dei «norske» utsleppskutta skulle skje innanlands, var det SV som var pådrivaren.

Om ein no ser på primærstandpunkta til SV, er det snakk om ein langt meir radikal klimapolitikk enn regjeringa sin. SV vil no til dømes stogge all opning av nye felt for oljeleiting, og ha ei «styrt og gradvis avvikling av oljeindustrien».

Her er dei ikkje så ulike MDG, som rett nok går mykje lenger: Dei vil avvikla heile den norske oljeindustrien innan 2020. MDG vil òg stenge gasskraftverka på Mongstad og Kårstø og avvikle programmet for CO₂-fangst på Mongstad.

Det tredje utprega miljøpartiet, Venstre, har òg høgare mål enn regjeringa og klimaforliket: Dei vil kutte dei norske klimautsleppa med 40 prosent innan 2020.

Både Venstre, SV og MDG vil ha varig vern av Lofoten, Vesterålen og Senja. Alle partia vil trekke ut Statoil frå oljesanden i Canada og bruke delar av Oljefondet i klimapolitikken.

For dei som meiner klimasaka overskyggjer alt anna, handlar ikkje valet berre om standpunkta til partia. Det blir òg eit veddemål på kva tilnærming som vil ha størst effekt: SVs påverknad på ei raudgrøn regjering, Venstres påverknad på ei borgarleg regjering eller MDGs plan om å vere uavhengig av blokken og hestehandle med kven som helst.

Også innføringa av dei grøne sertifikata – ei ordning som Stoltenberg sjølv visstnok var sterkt imot, fordi han mislikar subsidiar – har usikker klimavinst. Denne tilskotsordninga skal føre til 26 TWh ny, rein kraftproduksjon i Noreg og Sverige fram til 2020. Desse to landa har baa nesten utsleppsfri straumforsyning frå før. Om den nye krafta går til å erstatte kolkraft andre stader, kan det likevel vere eit bra klimatiltak. Men også her er det usikre føresetnader, mellom anna ei stor utbygging av kraftkabler til kontinentet.

TENKJER IKKJE LOKALT

I klimaspørsmål har den raudgrøne regjeringa vore betre til å tenkje globalt enn til å handle lokalt. Noregs klimagassutslepp var i fjor fem prosent større enn i 1990, syner tal frå SSB. Dette

trass i at utsleppa frå norsk industri har minka med nær 40 prosent i same periode, grunna nedleggingar og tekniske framsteg. Men utsleppa frå oljeindustrien har auka med 77 prosent i desse åra, og utgjer no over ein fjerdedel av dei norske utsleppa. Også utsleppa frå vegtrafikken har auka med kring 30 prosent sidan 1990.

Medan dei samla norske utsleppa har gått opp, har dei svenske gått ned. Sveriges klimagassutslepp var i fjor 20 prosent lågare enn dei var i 1990. Dei svenske CO₂-utsleppa per innbyggjar er under halvparten av dei norske. Svenskane har mellom anna satsa stort på bioenergi og fjernvarme til oppvarming, og på biodrivstoff til transport. Dei har òg nytta seg meir av miljøavgifter og gjeve kommunane meir ansvar for miljøtiltak.